

**Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gol gjorde 20.08.2010
følgjande vedtak, som var samrøystes: Vedlagt utskrift av møteprotokollen.**

Behandling:

Det er sendt epost til underdirektør i Arbeidsdepartementet, Gunnar Tveiten, med førespurnad om utsett svarfrist på ei veke. Dette vart ikkje innvilga, men det er ok at vi sender inn RÅFU sitt vedtak som førebels høyringssvar frå Gol kommune, og ettersender formannskapets vedtak etter formannskapsmøte 21.10. d.å.

RÅFU tilrår overfor formannskapet:

Samrøystes vedtak:

Gol kommune meiner retten til hjelpemiddel framleis skal liggje til folketrygdlova med eit statleg finansieringsansvar. Dette vil sikre funksjonshemma tilgang til hjelpemiddel på alle livsområde, med mulighet til å leve eit sjølvstendig liv. Dei økonomiske utfordringane kommunane står overfor gir lite rom for nye omfattande oppgåver på dette området. Retten til hjelpemiddel må vere uavhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi. Staten bør i staden forbetre hjelpemiddelformidlinga ved å bidra til å styrke kommunane sitt ergoterapitilbod og rehabilitering samt styrke vaktmeistertenesta for reparasjon av hjelpemiddel. Utvalet er elles samd med Norges Hanidicapforbund i dei punkta som NHF held fram som positive i Holte – utvalets forslag.

Rett utskrift:

Gol kommune, rådmannen 2010-09-20

Øystein Kjerulf Brenno
Spesialkonsulent